



Turngruppa vil onsdag 3. november mellom klokka 18 og 19.30 arrangera tussatur for tredje gongen ettersom det starta i 2008.

Då var det forresten 90 deltakarar! Tussaturen blir arrangert rundt halloween og den har så langt vore på Heio..

Leiar Janne Hjørnevåg opplysar at refleksløypa dette året blir lagt til området rundt skulen på grunn av regnfylte vermeldingar. Då er det mogeleg å vera litt under tak.

Deltakarane må ta med refleksvest og lommelykt og det er fine premiar til vinnarane.

Etter målpasseringa blir det servert lappkaker, kakao og kaffi!

Prisen er 50 kroner pr. person eller 200 kroner pr. familie.
Barnetrimmen og idrettsskulen går ut denne onsdagen.

Dei neste onsdagane (10. og 17. november) blir det oppvisningsdans på idrettsskulen - det er ei øving på program til juleavslutninga, fortel Janne.

Biletet over er teke under den første tussaturen, som var riktig nifs1

(Foto: Ola Matti Mathisen)